
Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Referanse
2014/328-1**Dato**
06.01.2014

Kreftfare ved luftforureining og fylkeskommunen si medverknad til lågare luftforureining - Svar på oversendingsforslag

På møte i samferdselsutvalet 23.10.13 tok representanten Tom Skauge (Sv) opp luftforureining og kreftfare. Tom Skauge spurte om korleis Hordaland fylkeskommune vil innarbeide den nye kunnskapen frå forskning kring luftforureining og kreftfare i handlingsplanar for fylkets samfunnsoppgåver.

Fylkesrådmannen viser til at fylkeskommunen i mange samanhenger arbeider for å redusere partikkel- og klimagassutslepp frå både køyretøy og andre forureiningskjelder i sentrale byområder. Fylkesrådmannen vil særleg trekke fram det langsiktige arbeidet som blir gjort i Bergensprogrammet. Her er målsetninger om betre klima og miljø ein del av samtlige tiltak. Viktige målsetninger er knytta til luftkvalitet, støyforureining og opprusting av gater og byrom.

Av andre konkrete tiltak for å få ned NO_x og CO₂ utslepp vil fylkerådmannen vise til el-bilsatsinga og mobilitetsplan for fylkeskommunale verksemnder. Når det gjeld e-bilsatsinga har fylkeskommunen medverka sterkt til utbygging av ladestasjonar og hurtigladestasjonar. I fylkeskommunen er ein no godt i gang med «Mobilitetsplan for fylkeskommunale verksemnder» der Fylkeshuset er ein pilot.